



# Ulstein kommune

## Oppvekst- og kulturetaten

Kunnskapsdepartementet

Saksnr	Løpenr.	Sakshandsamar	Dato
2010/670	9260/2010	HGL	25.10.2010


### HØYRINGSUTTALE NOU 2010:7 MANGFALD OG MEISTRING

Denne uttalen er knytt til kapittel 15, "Barn av asylsøkere og enslige mindreårige asylsøkere".

Ulstein kommune har ansvar for å gi barn ved Søre Sunnmøre statlege mottak for asylsøkarar opplæring i følgje Opplæringslova. Frå tid til annan har vi erfart at born og unge frå asylmottaket har behov for særskild tilrettelegging av undervisninga, anten på grunn av at elevane har fysiske eller psykiske funksjonshemmingar, eller dei har alvorlege åtferdsforstyringar. Det medfører eit særskilt ansvar for kommunane å gi desse elevane den opplæringa dei har rett på, og det medfører ekstra kostnader. Desse kostnadane vert ikkje dekt av tilskot frå sentrale myndigheiter. Vi kan heller ikkje sjå at kostnader knytt til denne elevgruppa er nemnt spesielt i NOU 2010:7.

Ulstein kommune oppmodar om at det vert lagt til eit framlegg om å etablere ei ordning som gjer det mogeleg få refundert dei faktiske utgiftene knytt til elevar frå asylmottaket, som etter sakkunnig vurdering og enkeltvedtak har rett til ei særskilt kostnadskrevjande tilrettelegging av undervisninga.

Med helsing



Einar Vik Arset  
Rådmann



Leif Ringstad  
oppvekst- og kultursjef